

MØTEBOK

REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL

Møtedato: Fredag 18.10.2019

Stad: Ål, Tingstugu

Desse møtte frå Regionrådet:

Solveig Vestenfor, Ål kommune
 Pål Rørby, Hemsedal kommune
 Petter Rukke, Hol kommune
 Heidi Granli, Gol kommune
 Tore Haraldset, Nes kommune
 Merete H. Gandrud, Flå kommune

Desse møtte frå administrasjonen

Knut Arne Gurigard, dagleg leiar

Desse møtte frå Buskerud fylkeskommune:

Iselin Haugo, fylkeskontakt

Desse møtte frå rådmannsutvalet

Karsten Popp Dideriksen, Ål kommune
 Hege Mørk, Gol kommune
 Henrik Skovly, Nes kommune
 Odd Egil Stavn, Flå kommune

SAK 52/19 VAL AV RÅDSORDFØRAR OG VARAORDFØRAR

Vedtak

Etter framlegg frå Heidi Granli vart:

- Solveig Vestenfor samrøystes valt som rådsordfører for neste 4-års periode.
- Pål Rørby samrøystes valt som varaordfører for neste 4-års periode.

SAK 53/19 ORIENTERING OM ARBEIDET I REGIONRÅDET

Dagleg leiar orienterte om organisering, føremål og arbeidet i Regionrådet, vedlagt presentasjon.

SAK 54/19 VAL AV REPRESENTANTAR TIL DIVERSE FORA

Vedtak

For valperioden 2019 – 2023, eller når tiltak er avslutta er desse valt:

FORA/TILTAK	MEDLEM	VARA
Rådet til Fjellnettverket	Heidi Granli Pål Rørby	Tore Haraldset Merete H. Gandrud
Styret for Fjellnettverket (kandidat)	Solveig Vestenfor	
Styre for Hallingdal Næringshage	Merete H. Gandrud	
Fagrådet i Hallingdal Etablerersenter	Heidi Granli	
Styre Forum Nye Bergensbanen	Heidi Granli	

Representant til SLT	Petter Rukke Tore Haraldset Merete H. Gandrud	
Styre for Hallingdal Folkehøgskule	Solveig Vestenfor	
Styre IS Rv7	Tore Haraldset	
Arbeidsutval Forum Nye Bergensbanen	Dagleg leiar	
Arbeidsutval Fjellnettverket	Dagleg leiar	
UngInvest AIB avdeling Hallingdal	Pål Rørby	
Styringsgruppe Norsk Reiselivsfagskole	Petter Rukke Knut Arne Gurigard	
Toppidretsregion Hallingdal	Petter Rukke	

SAK 55-19 ÅRSBUDSJETT 2020 OG ØKONOMIPLAN 2020 – 2023

Vedtak

Regionrådet for Hallingdal rår til at Hallingtinget gjer slikt vedtak:

1. Hallingtinget gjer framlegg om at kommunane vedtek forslag til driftsbudsjettet for 2020, med ei kommunal finansiering på kr. 2.020.000.
2. Til gjennomføring av tiltak i Strategisk plan for Hallingdal, rår Hallingtinget at det blir løyvd kr. 800.000 for 2020, frå kommunane i Hallingdal.
3. Hallingtinget vedtek forslag til økonomiplan 2020 – 2023. Innanfor fastsatt økonomisk ramme, får Regionrådet for Hallingdal fullmakt til å vedta handlingsprogram til Strategisk plan for Hallingdal for 2020.
4. Hallingtinget rår til at Regionrådet sitt disposisjonsfond minimum skal vera kr.800.000 ved starten av året.
5. Hallingtinget rår til at Regionrådet kan nytte inntil kr. 500.000 pr. år av disposisjonsfondet, til aktuelle tiltak som ikkje er budsjettet. Løyvingar må takast opp ved den årlege budsjetthandsaminga.
6. Hallingtinget rår til at det frå disposisjonsfondet kan nyttast inntil kr. 500.000 til interkommunale tiltak, der det ikkje er sett av midlar, men der kommunane er positive til deltaking. Føresetnaden er positive vedtak i den einskilde kommune.
7. Hallingtinget ber rådmannutvalet om å førebu ei sak om budsjettprosess for interkommunale samarbeid.

SAK 56/19 SØKNAD OM STØTTE TIL BØKER OM AUREFISKE I HALLINGDAL

Vedtak

Regionrådet for Hallingdal gir avslag på søknad frå Boksmia forlag om økonomisk støtte til bøker om aurefiske i Hallingdal.

SAK 57/19 REPRESENTANTAR TIL TILSETTINGSRÅD, NY DAGLEG LEIAR

Vedtak

Tilsettingsråd i samband med tilsetting av ny dagleg leiar i Regionrådet for Hallingdal er:

- Rådsordførar (leiar)
- Varaordførar
- HR-sjef i Ål kommune
- Tillitsvalt

SAK 58/19 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL 26.9.2019

Vedtak

Protokollen 26.9.2019 er godkjent.

SAK 59/19 EVENTUELT

Valkomite Vardar AS

Administrativ arbeidsgruppe har foreslått at Hallingdal skal få ein representant i valkomiteen for Vardar. Hallingdal er derfor blitt bedt om å koma med ein kandidat. Det er generalforsamlinga som velje valkomite.

Vedtak

Regionrådet for Hallingdal har valt ordførar Heidi Granli som Hallingdal sin kandidat til valkomite for Vardar AS.

I samband med regionrådsmøte, kl. 11:00 – 13:00, var det det ei markering av Hallingdal sjukestugu 40 år.

Hallingdal 22.10.2019

Knut Arne Gurigard
Dagleg leiar

Vedlegg: Presentasjon sak 53/19